



## ÅRSMELDING SESONGEN 2018/2019

Til Årsmøtet torsdag 14. mars 2019

### Aktivitetar

I sesongen 2018/19 er vi om lag 110 medlemmer, fordelt på 10 grupper. I gruppa for trenarar og støtteapparat har vi ca. 20 personar. Nokre lag har fellestreningar.

KFUM Volda Volleyball har seks spelarar på ToppVolley i Rogaland også denne sesongen.

I sesongen 2018/19 har vi arrangert ei minivolleyball-turnering, U17- og U15-turnering i Voldahallen og Ørstahallen, i tillegg til dame- og herrekampar for 1. og 2. divisjon. Vi har også hatt NM-kvartfinale for damelaget mot Randaberg i Honndalshallen. På Årneset arrangerte vi Møre-Tour, og hadde beach-turnering for aldersbestemte lag. I september arrangerte vi også Sparebank1 Eliteturnering som i 2017. Vi prøvde også å få til ei uformell U13 turnering i mars, men denne vart avlyst grunna lite påmelding.

### Oversikt over laga i KFUM Volda Volleyball:

Lag	Tal på spelarar	Trenarar	Oppmann
Mini 2010/2011	Ca. 15	Nancy Ann Eide Brattli og Bodil Helle. Henning og Julie Helle har også delteke.	-
G2006-2008	Ca. 10	Camilla og Bernt Humberset	Camilla Humberset
J2006-2009	Ca. 20	Rune Aarflot, Camilla Humberset, Irene Krumsvik, Øystein Hovlid, Henning Heltne. Rali Georgieva har også vore med i teamet	Irene Krumsvik
JU13	Ca. 10	Irene Krumsvik	
JU15/17	Ca. 9	Liv Kristin Øvereng, Vilde Stakseng. Rune Bernås har også delteke gjennom sesongen.	Liv Kristin Øvereng
GU15/17	Ca. 12	John Sverre Aarseth	Hildegunn Humberset
JU19/Damelag	Ca. 20	Vladislav Todorov og Bodil Helle	Kristian Kolnes, Tonje Bakkebø og Nina Ullaland.
GU19	Ca. 10	Rune Bernås	Elin Heggen
Herrelag	Ca. 10	Leif Reidar Røv, John Sverre Aarseth	Elin Heggen
Mix dame	5-10		
Mix herre	5-10	-	-

### Styret

I styret for klubben i 2018/2019 har det vore Rune Hauge Aarflot (leiar), Kristin Indresøvdde (medlemsansvarleg/kasserar), Irene Krumsvik (sponsor/sekretær/barneidrettsansvarleg), Svein Flåskjer (materialforvaltar), Nancy Ann Eide Brattli (kioskansvarleg), Jan Olav Brænde (styremedlem/vara) og Leif Reidar Røv (sportsleg leiar).

Jan Olav Ose har fungert som kasserar i Kristin Indresøvdde sitt fråvære.

Det har vore styremøte ca. ein gong i månaden. Styrearbeidet er i perioder prega av at fleire av medlemmene ikkje har høve til å gjere styrearbeid på dagtid, slik det tidlegare har vore gjort. Dette kan vere ei utfordring i enkelte saker. Fleire saker, og betre økonomisk resultat kunne



## ÅRSMELDING SESONGEN 2018/2019

Til Årsmøtet torsdag 14. mars 2019

nok vore oppnådd om nokre av medlemene i klubben hadde hatt meir fleksible dagar, eller klubben hadde tilsett ein organisasjons sekretær.

Styret peika ut Magne Aarseth og Henning Heltne til valnemnd til Årsmøtet 2019.

Eiliv Halkjelsvik har vore revisor.

Erlend Krumsvik og Rune Aarflot representerer klubben i styret til Volda Campus Arena as. Svein Flåskjer og Bernt Humberset representerer klubben i brukargruppa til Volda Campus Sparebank1 Arena.

Bodil Helle, Olav Fure og Eiliv Halkjelsvik har representert klubben i NVBF Møre og Romsdal sitt ting.

Rune Aarflot og Leif Røv møtte på Tinget 2018, Eiliv Halkjelsvik representerte NVBF M&R på Tinget.

### Rekruttering

Denne sesongen har vi ikkje jobba så mykje som vi burde med rekruttering. Grunnen til dette er sprengd hallkapasitet, og liten tilgang på nye trenarar. Vi har likevel hatt rekruttering til dei fleste gruppene under 15 år, spesielt på jentesida. Dette er veldig gledeleg og er eit godt teikn som syner at vi gjer noko rett som klubb. Det vart heller ikkje arrangert minivolleyballskule.

Vi starta også opp ei gruppe for damer som vil spele volleyball på gøy. Desse har trening ein ettermiddag i veka.

### Sportslege resultat

Endeleg kom NM-medaljane igjen!

U17 gutane vann U17, og GU19 tok bronse i NM

Mange lag fekk ein god start på sesongen med veldig gode resultat på Åpningsturneringa i Bergen også i år. Dette har følgt laga gjennom sesongen, og dei fleste laga toppar avdelingane sine.

Damelaget i 1. divisjon har hatt ein god sesong, og ser ut til å nå målet sitt om å ende opp på topp tre i totalranking. Pr. 6.3.2019 ligg dei på 2. plass bak BK Tromsø som leiar suverent, og framom Sandnes. Pr dags dato er det ikkje bestemt korleis 1. divisjon vert organisert frå sesongen 2019/2020, så laget har ein teoretisk sjanse til å kunne rykke opp til Elite-nivå.

Laget kom også til kvartfinale i NM, som første damelag frå klubben, etter å ha slått ut elitelaget Lierne. I kvartfinalen møtte laget Randaberg som vart hakket for sterke.

Laget vart denne sesongen forsterka med den bulgarske jenta Ralitsa Georgieva.

Herrelaget i 2. divisjon ligg også i år an til å vinne avdelinga si i Møre og Romsdal, og spele kvalifisering til opprykk til 1. divisjon.

Damelaget i 2. divisjon litt pr dato på 3. plass på tabellen bak Ålesund VK og Blindheim. Laget har denne sesongen vore prega av litt dårleg tilgang til spelarar då NVBF endra reglane for kor mange som kan gå mellom 1. divisjon og 2. divisjon. Fleire U15 og U17 spelarar har fått prøvd seg på laget.



## ÅRSMELDING SESONGEN 2018/2019

Til Årsmøtet torsdag 14. mars 2019

GU 15/17 har hatt ein god sesong hittil, med målbevisste spelarar og ein trufast trenar i John Sverre Aarseth. Gutane har spelt dei fleste turneringane og alle aldersbestemte serierundar, og hovudmotstandarlagane har stort vore Molde og Blindheim, men også Førde, Florø og Svelgen. Målbevisst trening har gitt gode resultat, men nokre tap har det også vore. Laget var på opningsturneringa i Bergen i september og Førde-cup i oktober. GU15 og GU17 har kvalifisert seg til NM i Tønsberg og Blindheim i mars.

JU15/17 har stort sett felles opplegg gjennom sesongen. Dei har delteke på Førde-cup i tillegg til den vanlege serien. Dei har vore eit lag med få spelarar i starten av sesongen, men har fått fleire undervegs. Dette har nok prega resultatane, men dei har også nokre fine 1. plassar både i serien og under Åpningsturneringa i Bergen. Laget kom på 10. plass under NM 2018.

2. div damer og JU19 starta sesongen godt, og vann si klasse under Åpningsturneringa i Bergen. JU19 vann også RM 2019

GU19 har vunne eller kome på 2. plass i det fleste serierundane. Laget var også med på Balitc Volleyball Cup i Polen i september 2018. Mange av gutane på dette laget er også med som sekreteriat under damene sine 1. divisjonskampar. Laget kvalifiserte seg til NM 2019 direkte, då det ikkje er andre GU19 lag i fylket.

U19 NM 2019 vart ein stor suksess for klubben!

JU19 fekk 2. plass og GU19 fekk 3. plass. Så vidt vi veit er dette første gongen klubben har teke to medaljar i U19 NM. Det har tidlegare vore teke to medaljar i NM, det var U17 NM i Volda i 2001.

Fem spelarar frå klubben har vore med på lagsamlingar og har hatt landslagsspel: Fredrik Hessegerde og Asbjørn Bae deltok på U19 bruttosamling. Sara Marie L. Krumsvik, Kristian Røv og Elias Lødemel var på landslagssamlingar og deltok i NEVZA og EM Kvalik U20

### Økonomi

Klubben har ein god økonomi. Vi fekk eit overskot på 236.197,66 i år, mykje grunna ein stor vaskedugnad på Kleven. Det kan også sjå ut som vi ikkje har motteke ein større faktura frå Volda kommune på husleige, så dette er nok også ein av grunnane. Balanserekneskapen syner eigedelar på 499.965,03.

Sponsorane våre i sesongen var SpareBank 1 Søre Sunnmøre, K. A. Aurstad, Brændes rørleggerforretning, Apotek1, More Woman, Mesterhus, Stamina, Tussa og Furene. Vi fekk også inn Brunvoll som ny sponsor i år.

Det har vore jobba lite med å få inn nye sponsorar i år sidan dei fleste kontraktane vart fornya sist sesong. Arbeidet med å få inn fleire sponsorar er vanskeleg å få til, då dette arbeidet må gjerast på dagtid, og dei fleste i styret har ikkje anledning til å ta seg fri frå jobb for å gjere dette arbeidet. Det bør settast opp ei gruppe som jobbar meir med dette.

I sesongen har klubben hatt ein salsdugnad. Det var sal av tennbrikettar på slutten av året. Dette var eit lettseld produkt som vi bør satse meir på.



## ÅRSMELDING SESONGEN 2018/2019

Til Årsmøtet torsdag 14. mars 2019

Det må framleis jobbast meir målretta for å få auka inntektene i klubben. Behovet for ein lønna person til administrasjon blir større og større, og ein bør også tenke på å lønne trenarar.

Det er søkt om tilskot frå NVBF Møre og Romsdal, kulturbyggingsmidlar frå Nye Volda kommune i samarbeid med Hornindal IL, volleyball, og kulturmidlar frå Volda kommune. Vi fekk midlar frå NVBF M&R og kulturmidlar frå Volda kommune. Søknaden om kulturbyggingsmidlar var ikkje ferdig behandla ved årskiftet, men vi har fått positive signal. Desse midlane skal brukast til å ruste opp bana på Årneset og å kjøpe utstyr og gi opplæring i minivolleyball til lærarar i Volda og Hornindal kommune.

Vi har fått Chimera rekneskap til å føre rekneskapen for klubben no. Dette er på grunn av at klubben no er mva-registrerte, den totale omsetninga i klubben, og mengda billag er så stor at vi er pliktige til å bruke sertifisert rekneskapsfører. Dette vil gi styret betre oversikt over dei forskjellige inntektene og utgiftene i rekneskapen.

I samband med dette har vi i 2018 jobba for å få samla all økonomi i klubben gjennom hovudkontoen, slik at kvart lag ikkje lengre har separat økonomi/kontoar. Dette gjev oss betre styring på totaløkonomien, og gjer at vi også får meir tilbake via momskompensasjon. Vi er ikkje heilt i mål med alle rutinar rundt dette, men det håpar vi å ha på plass til sesongstart 2019/2020.

### Elitehelg

Vi arrangerte også i 2018 elitehelg for herrar siste helga i september. Helga vart flott gjennomført med lag frå Førde, Viking, Stod og Koll. Det vart laga historie i Voldahallen med eit sett som gjekk til 43-41 i kampen mellom Viking og Førde. Vi har førespurnad frå fleire lag om å bli med, så i 2019 planlegg vi å utvide turneringa til også å ha med damelag, og ha nokre av kampane i den nye Ørstahallen.

### Organisering av klubben

Klubben har som tidlegare nemnt eit velfungerande styre, men klubben må jobbe meir med korleis klubben blir drifta. Eit forslag kan vere at det blir oppretta arbeidsgrupper eller liknande for kiosk, arrangement, marknadsføring, sponsor osv. Dette kan gjere arbeidet meir effektivt i klubben. Spesielt sponsorarbeid bør prioriterast.

Vi må også begynne å tenke på å tilsette ein organisasjonssekretær i ei deltidsstilling for å gjere mange oppgåver i «kvardagen». Mange i klubben, spesielt oppmann for damesida, leiari og medlemsansvarleg har store arbeidsoppgåver, som blant anna må gjerast på dagtid (møte og liknande). Dette er ei utfordring i arbeidssamanheng. På det nivået klubben er no, er det også naturleg å betale løn til enkelte av trenarane. Dette er noko som ein bør jobbe for å få inn i budsjettet, saman med å løne ein organisasjons sekretær.



## ÅRSMELDING SESONGEN 2018/2019

Til Årsmøtet torsdag 14. mars 2019

### Kompetanseheving

Fleire i klubben har teke kurs i år. Sidan vi fekk krav om innføring i eScoresheet for 1. divisjon, har Bodil B. Helle og Maria Todorova teke kurs i eScoresheet og DataVolley. Leif Røv og John Sverre Aarseth har teke til på Trener3-kurs, som dei skal vere ferdige med til sommaren 2019. Henning Heltne har teke Trener1-kurs, og har blitt med i trenargruppa i Mini-gruppa.

Det er forsøkt arrangert to Trener1-kurs i 2018, noko som dessverre måtte avlysast begge gongane,

### Andre aktivitetar/planar

Vi har også hatt K-dag i Voldahallen med speling på tvers av laga, og eit par kveldar med pizza. Dette har vore kjekke avbrekk for spelarane samtidig som det er samlande for klubben.

Klubben har starta prosjektet «Minivolleyball i barneskulen» på Øyra skule, etter å fått midlar til dette frå NVBF Møre og Romsdal. Vi har kjøpt inn to longnet, og 30 ballar til skulen, og planen er å få kome i gong med prosjektet iløpet av våren 2019.

I etterkant av starten på prosjektet har vi vore i dialog med Hornindal il., volleyball, og i fellesskap søkt om Kulturbyggingsmidlar frå Nye Volda kommune. I første omgang vil vi utvide til at Hornindal skule vil inngå i prosjektet, men om vi får tilslag frå andre søknadar vil vi også utvide til Folkestad, Austefjord og Dravlaus skule. Målet er at dette skal botne ut i ei skuleturnering i 2020, gi auka rekruttering og revitalisering av Hornindal IL, volleyball. KFUM Volda Volleyball vil lønne Maria Todorova for å gjere denne jobben.

Organisasjonen Idrett utan alkohol har henvendt seg til oss med spørsmål om å vere med i eit prøveprosjekt med idrettsfritidsklubb fredagskveldane. Prosjektet vender seg mot ungdom mellom 13 og 18 år, og skal basere seg på Teen-volleyball. Organisasjonen har inngått eit samarbeid med NVBF, og KFUM Volda volleyball er ein av tre klubbar i landet som er med i prosjektet. Idrett utan alkohol har søkt om midlar frå Kulturdepartementet, og KFUM Volda volleyball vil søke om midlar til prosjektet lokalt. Planen er at ein person blir løna for arbeidet, og 2-4 andre hjelper til.

For styret  
Rune Hauge Aarflot  
leiar KFUM Volda Volleyball